

Plan for utvikling av sikkerhetspsykiatrien i Helse Fonna HF

I Regional plan for sikkerhetspsykiatri i Helse Vest 2021-2025 er det skissert 6 ulike tiltak som dei lokale helseføretaka skal arbeide vidare med. Helse Fonna HF har gjennomgått dei ulike tiltaka og sett på status i eige føretak og laga ei prioritert liste med omsyn til vidare utvikling av sikkerhetspsykiatrien i tråd med det regionale planverket.

Tiltak 1:

Helseføretaka legg fram plan for styrking av LSA (lokal sikkerhetsavdeling), i retning av ein kapasitet rundt fem lokale sikkerhetsplassar per 100 000 innbyggjar, inkludert rehabiliteringsplassar, ekskludert skjermingsplassar. Planen skal inkludere økonomi / budsjett, personell, kompetanse, bygg og uteareal

Helse Fonna har ein sikkerhetspost med totalt 9 senger. I tillegg er det to sikkerhetsplasser for kvinner på sikkerhet og rehabiliteringspost. Dette gjev 6,1 døgnplasser per 100 000 befolkning. Bygningsmassen ved sikkerhetspost er på grunn av alder og endringar i behandlingstilbudet ikkje lenger tilfredsstillande. Det er for dårlege skjermingsmuligheter, pasientrom har ein lav standard utan eigne bad/toalett, uteareler er ikkje tilfredsstillande og arbeidsrom for personale dekkjer ikkje dagens behov. På bakgrunn av dette er det gjennomført eit forprosjekt der ein har sett på oppgradering av eksisterande bygningsmasse. Forprosjektet konkluderte med behov for ein fullstendig ombygning/rehabilitering av aktuell døgnpost. Det vart i samarbeid med arkitekt utarbeidd ny planskisse og kostnader til ombygging er estimert til 50 000 000. Ombygging er lagt inn i Helse Fonna HF sitt langtidsbudsjett frå 2025. Etter ombygging vil ein avvikle dei to sikkerhetsplassane for kvinner på sikkerhet og rehabilitering og gjere denne døgnposten om til ein rein rehabiliteringspost for sikkerhetsposter. Helse Fonna HF vil då ca 5 døgnplasser per 100 000 som anbefalt i regional plan.

Tiltak 2:

Helseføretaka skal gjennomgå og risikovurdere bemanning knytt til døgnpleie og behandlarkapasitet slik drifta er p.t.

Helse Fonna har den lavaste pleiefaktor og behandlerfaktor ved lokal sikkerhetspost i Helse Vest. . Pleiefaktor er på 3,35, mens behandlerfaktor er på 0,3 (ein psykiater, ein psykologspesialist og 1 LIS.) Over dei siste åra har det vore ein gradvis auke i pasientar med voldsproblematikk som er dømt til psykisk helsevern. Talet på HMS saker knytta til vald og truslar har auka. Behovet for voldsrisikovurderingar er aukande. På bakgrunn av dette har ein konkludert med behov for å auke

både pleiefaktor og behandlerfaktor. I budsjett for 2021 vart pleiefaktor styrka med 1 million kroner. Vidare styrking av pleiefaktor vert fortløpande vurdert. Planlagt ombygging vil mest sannsynleg dekkje opp for behovet for ytterlegare styrking av pleiefaktor. Vidare er det planlagt å styrke beholdersida med ein psykiater. Denne ressursen skal delast mellom sikkerhetspost og ambulant sikkerhetsteam.

Tiltak 3:

Dei lokale helseføretaka tek initiativ gjennom helsefelleskapet for å planlegge og realisere gode pasientforløp for pasientgruppa

Tiltak 4:

Dei fire lokale helseføretaka i Helse Vest arbeider for å opprette eller utvikle vidare god poliklinisk og ambulant oppfølging av pasientar innan sikkerheitspsykiatrien. Det vil være ei føremon om føretaka samarbeider om planlegging og gjennomføring

Helse Fonna har etablert eit ambulant sikkerhetsteam som består av overlege, psykolog, sjukepleiarar og sosionom. Ein ser at det er behov for ytterlegare å styrke det ambulante sikkerhetsetamet for å sikre gode overganger mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta. Vidare er det eit aukande behov for å gjennomføre voldsrisikovurderingar av polikliniske pasientar. På bakgrunn av dette er det beslutta å styrke det ambulante sikkerhetsteamet med 1 årsverk høgskule-utdanna samt psykiater-ressurs. Psykiater-ressurs skal delast mellom sikkerhetspost og ambulant sikkerhetsteam. På DPS nivå er det aktuelt å styrke psykosepoliklinikken ved Haugaland DPS med psykiater og/eller psykologspesialist ressurs som skal ha eit spesielt ansvar inn i forhold til sikkerhetspasienter og ha eit tett samarbeid med ambulant sikkerhetsteam. Innafor dagens budsjetttrammer har ein ikkje funne rom for dette, men ved evt ytterlegare øyremerka midler til sikkerhetspsykiatrien vil dette bli realisert.

Tiltak 6

Kompetansen til tilsette skal vere innretta slik at pasientane kan få trygg og god behandling, og dei tilsette skal ha trygge arbeidstilhøve

Helse Fonna HF har hatt aukande tal HMS saker knytta til vald og truslar ved sikkerhetspost og akuttposter. Eit av tiltaka har vore innføring av MAP som obligatorisk for alle tilsette. Utdanning av instruktører og opprettholdelse av dette kurstilbudet er krevjande og krev eigne stillingsressurser. Det er behov for å avsetje eitt til to årsverk til å koordinere dette arbeidet i klinikken samt stillingsandeler til instruktører. Innafor dagens budsjetttrammer har ein ikkje funne rom for å avsetje årsverk til å koordinere dette arbeidet. Ved evt ytterlegare øyremerka midler til sikkerhetspsykiatrien vil bli realisert. Ein har fått på plass instruktører ved dei fleste avdelingane i klinikk for psykisk helsevern innafor dagens rammer. Det er vidare behov for å styrke kompetanse på

voldsrisikovurderinger og tiltaksplaner både ved klinikken sine sjukehusavdelingar og DPS. Til dette arbeidet vert det satt av 150 000 i kompetansmidler årleg.

Tiltak 7:

Lokal sikkerheitsavdeling (LSA) skal vere organisert med ordinære plassar og rehabiliteringsplassar i kvart helseføretak, tilpassa tal innbyggjarar i føretaksområdet

Auka fokus på rehabilitering av sikkerhetspasienter er vesentleg dersom ein skal greie å handtere den auka innsøkinga til sikkerhetspost frå justis-sektoren. Helse Fonna HF har ein eigen rehabiliteringspost på 8 senger for sikkerhetspasienter. I samband med ombygging av sikkerhetspost vil ein utvikle dei to sikkerhetsplassane for kvinner ved posten slik at ein vil ha 8 rehabiliteringsplasser. Etablering av overgangsbustader for sikkerhetspasienter etter modell frå Helse Stavanger vil styrke rehabiliteringsarbeidet i betydeleg grad. Dette vil krevje både bygningsmasse, pleiepersonell og behandlerressurser. Innafor dagens budsjett-rammer har ein ikkje funne rom for dette, men er aktuelt å sjå på ved evt ytterlegare øyremerka midler til sikkerhetspsykiatrien.

Haugesund 05.08.21

Kenneth Eikeset,

Klinikkdirektør klinikk for Psykisk helsevern og Rus, Helse Fonna HF

Vedlegg:

Budsjett satsning sikkerhetspsykiatri